



Kaj Kvinge
Grønfjellet 24
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2508 - 16/21349

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
09.08.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll og dokumentasjon gbnr 108/111 Lindås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.08.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngeven dispensasjonssøknad. Det er søkt om dispensasjon, men søknaden er ikkje grunngeven. Kommunen ber om at grunngeving for kvifor søknad om dispensasjon bør innvilgast sendast inn, jf pbl. §19-1.
2. Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg målsett. Det må sendast inn situasjonsplan der størrelse på tiltaket og avstander klart går fram.
3. Teikningar er mangelfulle. Det bør sendast inn teikningar eller beskrivelse av tiltaket som gjer reie for utforming av terrasse. I høve til dette er det ynskjeleg for kommunen med ei klargjæring av korleis ny terrasse vert tilpassa eksisterande terrasse.

Vi gjer forøvrig merksam på at terrassen slik den er teikna inn ser ut til å redusere lysinnslepp til enkelte rom på bakkeplan. Dette kan medføre at desse romma ikkje lenger tilfredsstillar krav i TEK10 i forhold til lysforhold på rom, jf. TEK10 §13. Dette kan i framtida føre med seg utfordringar i forhold til bruk av berørte rom og at desse ikkje lenger kan reknast med som rom for varig opphald.

Kommunen ber om at tilleggskontrollinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kaj Kvinge

Grønfjellet 24

5955

LINDÅS